

Møte den 13.03.2018 om reguleringsplan for Aksla i Bremanger kommune

Møtestad : Storehagen Atrium i Førde

Tilstades: Inger Hilde (Bremanger kommune), Magnhild Myklebust (Bremanger kommune), Torbjørn Hasund (Sfj. Tilstades via video), Merete Farstad (Næringsseksjonen – med vassforvaltning, sfj- tilstades via video), Karoline Hareide Breivik, Eva Moberg, Birgit Tansøy (sfj, Nærings- og Kulturavdelinga), Trond Løvdøen (UIB), Solveig Renslo (Multiconsult), Michiel Peters (BONTRUP/tiltakshavar), Frode Hovland (sfj, akvakultur- tilstades via telefon)

Føremålet med møtet er at tiltakshavar gjennom Multiconsult, har bede om å gje ei orientering om planane og status.

Eva Moberg ønskte alle velkommen. Ho sa at fylkeskommunen ser på møtet som ei orientering, og at det er rammene for møtet, i og med at vi ikkje har fått noko tilsendt på førehand.

Solveig Renslo (Multiconsult Norge AS) orienterte om planforslaget:

- Sandstein er ein viktig ressurs for eksport – blir brukt til asfalt, jernbane, offshore og til utviding av landområde i Europa. Same steinkvalitet som på Dyrstadfelt.
- Positiv kommune og grunneigar.
- Attraktivt lokalitet fordi ein kjem til med skip slik at steinen kan fraktast til direkte til marknaden. Dei ser føre seg at driften på Aksla vil sysselsette mellom 25 til 30 årsverk direkte i driftfasen, i tillegg til 5-10 årsverk hos underleverandørar. I anleggsfasen forventas 15 årsverk indirekte i Bremanger, og tilsvarande i det regionale influensområde.
- Planen skal ut på høyring før sommaren.
- Kommuneplanens arealdel – gjeldande er frå 2004 – men ein ny arealdel er starta opp.
- Alternativ 2 i prosjektet er vurdert å vere best alternativ for utskiping (men påvist kulturminne her). Alternativ 1 er rådd i frå av geologar pga. rasfare.
- Det er planlagt for at toppen av Aksla kan takast ned til kote 500. Aksla er 592 m.o.h.
- Anleggveger, transportband og knuseanlegg for stein er planlagt inne i fjellet for at minst mogleg av tiltaka skal verte synlege for omgjevnadene. Tiltakshavar vil utnytte tyngdekrafta frå transport av stein frå brotet til utskipingsanlegget til å produsera straum til eigen bruk, og eventuelt overskot vil om det er praktisk mogleg, sendas inn på kraftnettet.
- Det er gitt føringar i føresegnene til første «steget» innanfor formålsgrænse steinbrot og masseuttak skal ha svak helling av omsyn til sikring av brotet slik at ikkje folk og dyr skal skade seg. Det skal også vere plass til sikringstiltak slik at ikkje nokon fell ned i steinbrotet. Design av den resterande nedtrapping i brotet vert fastsett i driftsplanen (Direktoratet for mineralforvaltning).
- Interne anleggsvegar er vist som illustrasjon i plankartet. Veg i utskipingsområdet er grovprosjektert og vist med fylling og skjering.

Spørsmål frå Trond – om alternativ 2 er realistisk plassering for hamneforhold? Svar frå Multiconsult: Det er gjort marintekniske vurderingar som tilseier det ja.

- Det er gjort rasvurderingar for alt 2 – men det må gjerast nokre sikringar – lage vollar/sikre fjellet – det er ikkje bestemt kva for sikringstiltak som er nødvendig enno.
- Verknad av forslaget – tiltaka vil få konsekvens for landskapet – KU for kulturminne og kulturmiljø er gjort *før* §9 undersøkingar, verknaden er omtalt i planskildringa. - Er gitt løyve til vindkraft i området – dette verkar inn på KU-vurderingane.
- Synte 3D modell – ser ut til å vere tatt inn frå Vingepollen – Eva lurte på om det kunne gjerast 3D modell frå andre vinklar – til dømes Vingeneset – ho viste til planprogrammet Svar frå Multiconsult: Dei har tatt med visualiseringar frå fleire punkt – men alle er ikkje inkludert i presentasjonen på møtet her.
- Trond peika på støy for Vingenområdet – om det er gjort utgreiingar på det? – Svar frå Multiconsult: 1-2 båtar i veka vert utskipa, det er gjort støyvurderingar som viser at grenseverdiane er innanfor grenseverdiar gitt i T-1442 for tilgrensande hytter. Det er ikkje gjort særskilde berekningar for Vingen.

- Start snarleg etter vedtak etter plan- og bygningslova og konsesjonsløyve etter minerallova.
- 50 + 50 (100 års) avtale med grunneigar

Eva Moberg: Poengterte at det for kulturminne- og kulturmiljø er fokus på ulike nivå: - landskapsområda kring Vingen og Hornelen, og på detaljnivå – dei arkeologiske funna.

Karoline orienterte om § 9 registreringane og presenterte dei arkeologiske funna. Det vart funne to lokalitetar – avsviingslag frå steinalder – Inste Bårdviksneset og Langeneset. Det vart ikkje påvist bergkunst – men lystilhøva var ikkje optimale i samband med registreringane.

Trond fortalte at det er observert helleristingar på Omvendeskaret – men det er ingen som har klart å lokalisert dei.

Eva fortalte om Vingen – at det er områdefreda – og landskapsfreda. Kulturminne av stor nasjonal verdi. Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Heilt unikt – gir oss nokre utfordringar – landskapet i sin heilskap blir endra – difor er visualisering i framstillinga så viktig for at vi skal kunne ta stilling til dette.

Farstad – lurte på om det er same bruk av vatn og sedimentering som det som har komme fram tidlegare. Kva konsekvensar får dette for sjø ? Svar frå Multiconsult: Dette er belyst i utarebeidd planframlegg.

Trond peka på at Hornelen og Frøyssjøen er nemnt i sagaene – eit spesielt og vanskeleg sjøområde. Vi har ca 2200 figurar i Vingen – både dyr og menneske (skjellett) – Vingen som religiøs samlingsstad / gravstad meir enn fangststad. Samanlikna med bergkunstfelt i Alta og Nämforen (Sverige). Alta er eit mykje meir råka landskap – I Vingen er det eit langt meir urørt landskap. Bremanger har eit politisk vedtak på å ta vare på dette landskapet – og fremje det for verdsarvlista – eit landskap av internasjonal betydning.

Frøde Hovland – vil avvente og sjå kva som kjem fram i rapporten – når saka kjem på høyring.

Inger Hilde: Kommunen sender planen på høyring i løpet av mai med alle utgreiingane - 6 vekers høyringsfrist.

Trond Lørdøen: Lurer på om ikkje kommunen har tenkt å forhalde seg til andre politiske vedtak? – T.d. verdsarvvedtaket? Trond fekk råd frå representant frå kommunen om å ta kontakt med Rådmannen for å få svar.

Eva Moberg fortalte om gangen i motsegna – om den politiske handsaminga i fylkeskommunen. Ved eventuell motsegn må ein rekne med at fylkeskommunen vil be om å få utsatt frist pga. politisk handsaming i fylkesutvalet.